



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn



Årsmelding 2014

gjennom livet



Årsmelding 2014

Soknet har tre kyrkjer.

- Hordabø kyrkje bygd i 1875
- Manger kyrkje bygd i 1891
- Sæbø kyrkje bygd i 1884

Radøy sokn leiger også Emigrantkyrkja på Sletta til gudstenester og kyrkjelege handlinger. Stiftinga Vestnorsk Utvandringssenter eig Emigrantkyrkja.

Soknerådet



Leiar	Simon Walther Grandahl
Nestleiar	Gudrun Rikstad
Biskopen sin representant	Kjell Johan Sekkingstad
Medlemmer	Ludvig Grindheim Elin Irene Klausen Marta Grønstad Hvidsten Kent Remy Nesbø Britt Sissel Kvamme (permisjon fra mars 2014) Silje Kristin Ellingsen
1.vara	Oddvar Egil Stang (fast medlem fra mars 2014)
2.vara	Per Bjørkhaug
3.vara	Oddbjørg Dragøy
4.vara	Kristen Kvalheim
5.vara	Gunnar Kartveit
Representant for	Jostein Dale
Radøy kommune	

Vararepresentant Ann Christin Hoen
Radøy kommune

Radøy kommune sin representant i soknerådethar stemmerett i dei sakene som går fram av § 14 i kyrkjelova. I hovudsak gjeld det anlegg og drift av kyrkjer og gravplassar, samt personalsaker for alle kyrkjetilsette. Prestane har Bjørgvin bispedømeråd som arbeidsgjevar.

Møteverksemd i soknerådet

	2013	2014
Tal møte	10	8
Tal saker	40	34

Administrasjonsutval & forhandlingsutval

Frå arbeidsgjevar	Simon Walther Grandahl
	Gudrun Rikstad
	Ludvig Grindheim
	Elin Irene Klausen (vara)
	Silje Kristin Ellingsen (vara)
Frå arbeidstakarane	William Kay
	Hilde Marit Solend

Administrasjonsutvalet har hatt 3 møter og handsama 3 saker i 2014.


Radøy sokneråd har vedtatt at soknerådet sine medlemmer i administrasjonsutvalet, også utgjer Radøy sokn sitt forhandlingsutval. Forhandlingsutvalet har hatt to møter og handsama 2 saker i 2014.

Soknemøte

Det vart halde soknemøte om lokal grunnordning for Radøy sokn 2014 – 2018 den 15.juni 2014.

Tilsette

Audun Sylta	Dagleg leiar	100%
Arne Palmesen	Arbeidsleiar kyrkje-gardane	100%
Anbjørn Vindenes	Kyrkjegardsarbeidar	100%
Willem Vogelaar	Trusopplærings-koordinator	100%
John William Kay	Organist I	80%
Hilde Marit Solend	Kontorfullmektig	50%
Sølvi Helen Kvalheim Mjøs	Kyrkjetenar Manger (fram til 08.04.14)	35%
	Kyrkjetenar Hordabø (Permisjon frå 08.04.14)	23%
Berit Karin Vogelaar	Kyrkjetenar Manger (frå 01.04.14)	25%
	Vikariat Hordabø (frå 01.04.14)	20%
Marta Grønstad Hvidsten	Kyrkjetenar	20%
John William Kay	Rådgjevar	20%
Jūraté Norkuvienė	Dirigent Radøy damekor	20%
Mette Hjelmeland	Organist II	15%
May Britt Austrheim	Reinhaldar kyrkjekontoret	8%



- Drift av kyrkjegardane & kyrkjebygg
- Administrasjon, fellesrådsoppgåver m.m.
- Kyrkjemusikk
- Kyrkjetenar og reinhald
- Trusopplæring

Statstilsette

Kjell Johan Sekkingstad	sokneprest
Marianne Støylen Skauge	prostiprest
Marit Nesse	konfirmantansvarleg

Kyrkjeleg årsstatistikk

	2013	2014
Innmeldingar	1	1
Utmeldingar	1	3
Døypte/Døypte busett i soknet	50/44	48/37
Konfirmerte	52	50
Vigslar	13	7
Gravferder	44	43
Gudstenester på søn- og helgedagar	69	65
Tal deltagarar på desse	6680	5675
Gudstenester utanom søn- og helgedagar	8	9
Tal deltagarar på desse	1466	1046
Gudstenester i kyrkjene i soknet	74	74
Andre stader enn i kyrkjene	3	3
Gudstenester med nattverd	21	31
Tal deltagarar	609	969
Familie og barnegudstenester	6	10
Tal deltagarar	446	964
Gudstenester for barnehage og skuleborn	8	9
Tal deltagarar	1197	1046
Gudstenester på julaftan	4	4
Tal deltagarar	991	820

Offer, innsamlingar og gåver

	2013	2014
Offer/kollekt i kyrkjene	kr. 185 699	kr. 177 296
Til eiga verksemd	kr. 52 323	kr. 43 607
Gjevartenesta	kr. 0	kr. 0
Andre innsamlingar (t.d. basarar, faste- aksjon)	kr. 409 704	kr. 248 404
Til eiga verksemd	kr. 338 790	kr. 173 473

Økonomi

Den lokale kyrkja er ei eiga juridisk driftseining. Kyrkeøkonomien er likevel i hovudsak kana-lisert gjennom kommunen, jf. Kyrkjelova §15. Prestetenesta er finansiert av staten via Bjørgvin bispedøme. Lønsutgifter til prestane er såleis ikkje med i det fylgjande oppsettet.

Ser vi bort frå dei statsløna prestane, får den lokale kyrkja i hovudsak inntektene sine via kommunen. Vi får også overført kr. 540 033 frå Bjørgvin bispedøme for å dekka utgifter til trus-opplæring. Andre inntektskjelder er:

- Leigeinntekter
- Festeavgifter
- Gåver og kyrkjeoffer til eiga drift
- Godtgjersle for tenester

Samla inntekt for 2014 er på kr. 6 500 513. Av dette er kr. 3 983 033 driftstilskot frå Radøy kommune. Kommunen sin del av inntektene er 61,2 % av dei samla driftsinntektene.

Soknet har ein stabil, men ikkje romsleg økonomi. For 2014 syner rekneskapen underskot på kr. 253 789. For 2013 hadde vi tilsvarende overskot grunna planlagt vedlikehald som ikkje vart utført.

Driftsrekneskap

Inntekter	2013	2014
Brukarteraling, salg, avgifter og leigeinntekter	kr 731 460	kr 795 324
Refusjonar og overføringer	kr 366 610	kr 452 115
Statlege tilskot	kr 484 609	kr 840 129
Rammeoverføring, tilskot frå eigen kommune	kr 3 912 901	kr 3 983 033
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	kr 464 046	kr 429 913
Sum inntekter	kr 5 959 644	kr 6 500 513

Utgifter	2013	2014
Løn og sosiale utgifter	kr -3 385 360	kr -3 922 822
Kjøp av varer og tenester	kr -1 741 684	kr -2 020 706
Refusjonar og overføringer	kr -380 458	kr -523 279
Tilskot og gåver	kr -39 698	kr 671
Sum driftsutgifter	kr -5 547 199	kr -6 466 137
Brutto driftsresultat	kr 412 445	kr 34 376

Finansinntekter og finansutgifter

Renteinntekter og utbytte	kr 80 499	kr 69 264
Renteutgifter og låneomkostninga	kr -59 821	kr -54 887
Avdrag på lån	kr -198 133	kr -198 134
Netto finansinntekter/- utgifter	kr -177 455	kr -183 757

Interne finansieringstransaksjonar

Bruk av bundne fond	kr 229 728	kr 69 182
Avsatt til bundne fond	kr -212 033	kr -173 590
Meirforbuk / Mindreforbruk	kr 252 714	kr -253 789

Rekneskapen er ført av Real Økonomi. Nordhordland Revisjon IKS har utført revisjonen. Samarbeidet med rekneskapsførar og revisor har vore godt.

Kyrkjene



Kyrkja på Manger var påbegynt i 1890 og stod ferdig i 1891. Alt under bygginga vart det klårt at takkonstruksjonen var for svak og at «kyrkjeskipet tok til å gjeva etter». Mange undrar seg på om grunnen gjev etter, men målingar syner at det er bygningen som gjev etter og vert skeivare.

Kyrkja har fleire gonger vore vurdert i forhold til stabilitet, sist i 2003 og 2006. Etter ein storm i februar kom det uromelding frå dei tilsette om knakelydar i bygget og det vart gjeve uttrykk for at kyrkja burde undersøkjast på ny. Det syner seg at toppen av søylene i kyrkja har flytta seg i snitt 23,8 millimeter sidelengs dei siste 7 åra. Det er naudsynt å gjera tiltak for å stabilisere kyrkja då den synest å vera i rørsle.

Tilrådinga er at kyrkja skal stabiliserast med stålkonstruksjonar for å hindra at bygget vert skeivare. Manger kyrkje er listeført og biskopen i Bjørgvin og Riksantikvaren må også rådspørjast før det vert gjort tiltak. Dei naudsynte løye er no på plass og vi vonar at årsmeldinga for 2015 kan fortelja at sikringa er gjennomført. Manger kyrkje skulle malast i 2013. Dette måtte dverre

utsetjast til 2014. Midlane strakk dverre ikkje til å få malt alt, men tåret og versidene har fått ny maling.

Kyrkja på Manger er som Hordabø kyrkje oppvarma med oljefyring. Det er ynskjeleg å erstatta dette med meir miljøvenleg og rimelegare oppvarming. Vi har fått utgreidd fleire alternativ og soknerådet har gjort vedtak om å få til nye oppvarmingsløysingar i kyrkjene. Saka skal sendast til Bjørgvin bispedøme og Riksantikvaren for vurdering og godkjenning.

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø ynskjer å erstatta nokre av benkane med stolar. Dei har hatt innsamling og lotteri for å finansiera prosjektet. Søknad om å ta ut benkane er sendt biskopen via prosten, og søknaden er no godkjent. Stolar er tinga og vi vonar at dei kjem på plass til 140-årsdagen til kyrkja den 5. august 2015. Kyrkjelydsutvalet har også planar for rullestolinngang, rullestolrampe til korpartiet og lys langs vegen inn til kyrkja.

Gravplassane



Forvaltning av gravplassar krev svært langsgiktig planlegging og det er trøng for å omregulera felt på dei fleste stadene på sikt. For å få dette til har vi «låst» eit gravfelt på kvar gravplass for nye graver. Soknerådet har no gjort vedtak om dette på Manger, Sjur, og Sletta. På Sæbø har vi eit felt

som det er gjort vedtak om tidlegare.

Reidskapshus på Sæbø som vart påbegynt i 2013 er ferdigstilt i 2014.

På Hordabø har vi hausten 2014 starta å byggja tilsvarande hus som på Sæbø.

Rikstad gravplass har også fått litt opprusting. Ein hekk er erstatta med mur med plantar. Det er også sett opp eit lite bygg til avfall og vannkran.

Trusopplæring

I 2014 har me jobba med utvikling av trusopplæringsplan. Dette tyder at me har forsøkt ein del nye tiltak.

Gudsrikeleiken



Dei viktigaste røynslene i tilhøve til eit fornys trusopplæringsarbeid er at vi har byrja å brukha Gudsrikeleiken. Gudsrikeleiken hjelper born til å utforska trua si gjennom forteljing, undring og leik. Dei røynslene som barn gjer i møte med forteljingane førebur dei til deltaking i det liturgiske livet i kyrkja. Forteljingane til Gudsrikeleiken vert brukta i dei fleste trusopplæringsstiltak. Pedagogikken er basert på Montessori prinsippet.

På Manger har me innreia kyrkjesta til «Gudsrikeleike-rom». Når borna kjem inn i rommet blir dei visuelt møtt av den store forteljinga i Bibelen. I dette rommet har me anna kvar sundag sundagsskule under gudstenesta.

Breiddetiltak

For å nå fleire born har me ein del breiddetiltak. Breiddetiltak er tiltak utarbeidd av kyrkjerådet og er eit nasjonalt satsingsområde. Born i ei bestemt aldersgruppe får invitasjon heim i posten. På Radøy hadde me 3 slike tiltak: Tårnagenthelg, Lysvaken (overnattning i kyrkja) og KodeB. Dei fyra tilta hadde stor oppslutning. Tårnagenthelg (9 åringer) og Lysvaken (11 åringer) nådde begge 40% av medlemmane i aldergruppa medan KodeB hadde ein mindre oppslutning på 8%.

Andre tiltak



Utdeling av 4-års boka hadde stor oppslutning (78%) Utdelinga av boka er eit godt innarbeidd tiltak som har tradisjon i kyrkjelyden. Me hadde forteljinga om Den gode hyrde. Denne forteljinga ligg som eit fundament i det vidare trusopplæringsarbeidet.

I tillegg hadde me besøk av Kirkerottene, ei teatergruppe frå IKO som leverer årlege forestillingar. Målgruppa er born mellom 3 - 6 år og her nådde me 39%.

Sommarkyrkja var eit tiltak for born mellom 8-12 år i ferietida. Dette var eit vellukka samarbeid med «God jord» på Manger. Borna var med på å helsa på dyra, klatra i klatrepark, pil og blueskyting, bading, mm. I tillegg hørde dei forteljingar om vandringar i ørkenen og menneske som opplevde ting med Gud.

På Haustakkefest inviterte me 7-åringane til å høre likninga om såmannen og me hadde ein kreativ verkstad. På slutten av dagen fekk borna utdelt arbeidsboka «Alle gode ting». Tiltaket hadde 31% oppslutning. På både Sæbø og Hordabø er det eit engasjert arbeid omkring barnekor.

Konfirmant-tida

Våren avslutta vi konfirmant-tida med leir, konfirmantfest og festgudstenester. I frå hausten 2014 starta vi med eit nytt opplegg for konfirmantane med utgangspunkt i Kristuskransen og Gudsrikeleiken. Konfirmantane har samlingar i kyrkjesta på Manger onsdagane. Der blir gruppa delt i to med opplegg frå Kristuskransen og forteljing frå Gudsrikeleiken (Les meir om Gudsrikeleiken under Trusopplæring). Kristuskransen har perler med ulik tema som eg-perla, dåpsperla, gledeperla osb. og vi har ei perle og eitt tema til kvar gong. Kvar samling vert avslutta med roleg musikk, lyttening og Kristuskransbøn i kyrkjerommet.

Diakoniarbeidet



Soknerådet har i fleire møter drøfta temaet og gjorde i mars vedtak om å opprette diakoniutval. Det er mykje av aktivitetar og arbeid i kyrkja som fell inn under diakoni. Visjonen i den diakonale tenesta er: Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste. Diakonien har vore ein del av

kyrkja gjennom heile kyrkjehistoria.

Døme på diakoniarbeid kan vere: Besøkstene/arbeit blant eldre, Sorggrupper og andre former for sjølvhjelpsgrupper, Arbeid blant innvandrarar, Rusfri nattkafe for ungdom.

Radøy sokn treng engasjerte medlemmer til diakoniuvalet og frivillige til praktisk diakoniarbeid på forskjellige områder.

Diakoniutvalet har ikkje kome i gang enno ,men noko av arbeidet vert ivaretatt av kyrkjelydsutvala, , m.a. distribusjon av blomar til jul til eldre i kyrkjelyden.

Informasjonsarbeid

Kyrkjebladet Radar



I 2014 kom Radar ut med 4 nummer. Bladet går ut til alle husstandar i kommunen. I tillegg vert bladet sendt til andre som ynskjer å få det tilsendt. Radar er finansiert med friville geiver (bladpengar) og annonseinntekter frå det lokale næringslivet.

Nettsider og sosiale media

Kyrkjelyden har ei aktiv Facebookside som vi bruker for å spreie informasjon om kva som skjer i soknet på ein rask og effektiv måte. Det er òg mogleg for dei over 200 personane som "liker" oss på Facebook å kontakte oss på denne måten.

Hausten 2014 tok vi i bruk Den norske kyrkja si nye løysing for internettssider. Dette er ein felles-

plattform for heile Den norske kyrkja, som er mykje lettare for å oss å halde oppdatert uansett kor vi er. Sidene tilpassar seg automatisk mobil, nettbrett og PC og gjev oss nye moglegheiter som f.eks. påmelding til trusopplæringstiltak. På sikt vil vi også kunne tilby påmelding til dåp og vigsel via nettsidene våre, slik vi har gjort med konfirmantpåmeldingane dei siste åra.

Kyrkjemusikk

Konsertar



2013

Konsertar arrangert av soknet

8

9

Konsertar arrangert av andre

12

12

Det har igjen vore mange gode konsertopplevelvin gar i kyrkjene i 2014. Det er gledeleg å merka at det finst mange som er opptekne av det kyrkjemusikalske arbeidet i soknet.

Snittdeltakinga på konsertar arrangert av soknet var 76 personar. På konsertar arrangert av eksterne leidgetakarar var snittet 170.

Song i bryllaup 31.05.14.
Me gledde oss over å kunne syngja i kyrkja under bryllaupsfeiringa til Torill og Torbjørn.

Sommarkonsert 12.06.14
Med oss på konserten var Ingvild og Oskar Brat tetaule. Ingvild på altfløyte og Oskar på Euphonium. I kollekt kom det inn kr 2920.

Radøy damekor

Alder: 18 år og oppover

Dirigent	Jūraté Norkuvienė
Pianist	J.William Kay
Leiar	Elin Irene Klausen
Kasserar	Hilde Lervik Helland
Styre	Berit Kongestøl (sekretær) Gry Kjersti Birkeland Geirunn Valdersnes Kristin Kleveland, Anne Karin Fjell (1. vara) Stefany Taule Lunde (2. vara)
Medlemstal	15
Sum inntekter	kr 29 861,75
Sum utgifter	kr 54 558,20
Driftsunderskot	kr 24 806,45
Saldo i bank pr 31.12.2014	kr 96 245,66

Forsongartenesta i kyrkja

Koret har stilt med forsonarar til fire gudstenester i år. I tillegg er nokre medlemmar med i den faste forsongartenesta i Manger kyrkje. Utover dette var heile koret med på allehelgensgudstesta.

Nyttårskonsert 12.01.14

Me var på Nyttårskonsert i Foldnes kyrkje.

Årsmøte i Norges korforbund Hordaland
Årsmøte i NKH vart gjennomført på Thon Hotel Bergen Airport 16.02.14.

Øvingshelg med Kristine Fluge 9.-10. mars 2014.

Dette var eit flott opplegg der ein kunne få enkel notelære med Kristin Fluge, bladsyning med William og samtale og vegleiing av Jurate.

Song i bryllaup 31.05.14.

Me gledde oss over å kunne syngja i kyrkja under bryllaupsfeiringa til Torill og Torbjørn.

Sommarkonsert 12.06.14

Med oss på konserten var Ingvild og Oskar Brat tetaule. Ingvild på altfløyte og Oskar på Euphonium. I kollekt kom det inn kr 2920.

Velferdssenteret 14.06.14 og avslutning på Radøystova

Tradisjonen tru stiller me til stor glede på Velferdssenteret med sumarkonsert. Me hadde og ein flott tapaskveld på Radøystova.

Besök frå Litauen 12.-16. juli

Koret Aukuras hadde flotte konsertar både på Fedje og Manger. Stor takk til Anne Karin og Berit som hjelpte leiar med å lage til kjøttkaker m/tilbehør, dessert og kaffi.

Kyrkjebasar i Manger bedehus 05.09.14.

Sesongen starta også dette året med songoppdrag på kyrkjebasaren til Manger kyrkjeforeining. Medlemmene i koret bidrog med sal av årer.

Korkafé på Austrheim 23.09.14.

Austrheim songlag arrangerte korkafé i Austrheim samfunnshus.

Open øving med Tapas 16.10.14.

Koret skipa til open øving med mykje god mat i håp om å få fleire medlemmer, men det var berre kormedlemar som møtte opp.

Minnekonsert for Mette Hjelmeland 21.11.14

Dette var ein konsert med mange innslag, og det var kjekt å få vera med å heidra Mette sitt minne. Ho forlot oss så alt for tidleg.

Glasang i Austrheim 23.11.14.

Koret var med på Glasang-kveld i Austrheim kyrkje.

Øvingsdag 29.11.14

Koret gjennomførte øvingsdag i Manger kyrkje.

Syng julia inn 13.12.14

Dette året ville me gjera noko anna enn Julenat tiné og bestemte oss for å invitera til "Syng julia inn saman med damekoret". Nathalie Helland las ei fin juleforteljing for oss. Det vart samla inn kr 5105 i kollekt til Mette's minnefond.

Song på Velferdssenteret og Julekonser tar i Manger 14.12.14

Fyrst song me på Velferdssenteret for deretter å syngja julekonsert i Manger kyrkje kl. 18.00.

Sæbø barnekor

Alder: 5 – 9 år



Dirigent Silje Kristin Ellingsen

Kasserar Gunn T. Haugland

Styre Tina Amundsen Myksvoll

Silje Kristin Ellingsen

Kristine Vaktskjold Hamre

Medlemstal 21

Sum inntekter kr 6250

Sum utgifter kr 4252

Driftsunderskot kr 1998

Saldo i bank pr 31.12.2014 kr 8647

Me har øving annankvar onsdag kl 18 til 19 i Sæbø kyrkje. Me syng og kosar oss, av og til har me frukt eller anna og kan prata litt tilag.

Me er med og syng på nokre gudstenester og andre arrangement. Våren 2014 var me med på "Kor i fokus" med Bjarte Leithaug.

Hordabø barne- og minikantori

Alder: 3 – 13 år

Dirigent Sølvi Helen K. Mjøs

Medlemstal 19

Kyrkjelydsutvala

I kvar av dei tre kyrkjene er det eit kyrkjelydsutval som skal støtta opp om og ta initiativ til aktivitetar i kvar kyrkje. Ei viktig oppgåve er å vera til hjelp slik at folk skal kjenna seg heime og trivast i kyrkjene.

I kvart utval er det med ein prest, og ein frå soknerådet. I tillegg vel kyrkjelyden nokre medlemer. Kyrkjelydsutvala er uformelle arbeidsgrupper. Dei fører ikkje eigne rekneskap, men får dekka utgiftene sine av soknerådet.

Sæbø kyrkjelydsutval



Medlemar Britt Jorunn Tjore, Simon Walther Grandahl, Britt Sissel Kvamme, Silje Kristin Ellingsen, Marianne Støylen Skauge.

Tal møte 5

Me har også dette året arrangert jevnlege tyrdagstreff i Sæbø kyrkja, der me fyrst samlast om eit tema og etterpå har kveldsmat ilag.

Kyrkjelydsutvalet planlegg og gjennomfører desse kveldane, og er blitt eit godt arbeidsteam!

Me finn også kyrkevertar og ansvarlege for kyrkjekaffi til dei ulike gudstenestene i Sæbø.

60års jubileum for konfirmantar og utkøyring av blomehelsing til jul har me også hatt ansvar for i gruppa vår.

Hordabø kyrkjelydsutval

Leiar Ludvig Grindheim
Medlemar Irene Soltveit, Arve Haugland, Per Bjørkhaug, Ludvig Grindheim, Kjell Sekkingstad.
Tal møte 4

Saker som me har arbeid med er: basar, vårkonserten, friluftsgudstenesta 2.pinsedag, utskifting av benkar og innkjøp av nye stolar.

Manger kyrkjelydsutval

Leiar Elin Irene Klausen
Medlemar Gudrun Rikstad, Margun Stordal, Kristoffer Toska, Kjell Sekkingstad.
Tal møte 4

Kyrkjelydsutvalet i Manger har jobba med konfirmantjubileet, songkveld, mat i høve påskefeiringa og hatt ansvar for å dele ut blomar til dei over 80.

Tal møte 5

Me har også dette året arrangert jevnlege tyrdagstreff i Sæbø kyrkja, der me fyrst samlast om eit tema og etterpå har kveldsmat ilag.

Kyrkjelydsutvalet planlegg og gjennomfører desse kveldane, og er blitt eit godt arbeidsteam!

Me finn også kyrkevertar og ansvarlege for kyrkjekaffi til dei ulike gudstenestene i Sæbø.

Kyrkjeforeningane

I tilknyting til kvar kyrkje er det ei kyrkjeforening. Dette er grupper som har som mål å samla inn pengar til opprustning av kyrkjene og i enkelte høve til spesielle tiltak i kyrkjelyden. Kyrkjeforeningane har gjennom ei årrekke gjort ein flott innsats. Foreininga på Hordabø er for tida ikkje aktiv.

Sæbø kyrkjeforeining



Leiar Maria Fjellsende
Nestleiar Magnhild Askeland
Kasserar Åshild Storheim
Styre Gudrun Storheim
Medlemstal 4
Sum inntekter kr 63 000,00
Sum utgifter kr 0,00
Saldo i bank pr 31.12.2014 kr 388 795


Kyrkjeforeininga har jobba lenge med å samla inn pengar til nye kyrkjeklær i Sæbø kyrkje. Hittil har kyrkja kun hatt grønn prekestolklede, men takka vera den storstile gåva frå foreningsdamene har kyrkja fått nye klede både til preikestol og lesepult i alle kyrjeårets fargar.

Radøykunstnaren Åse Eriksen har laga dei vakre tekstilane som vart brukt for første gong under Lys Vaken-gudstenesta den 30.november.

Manger kyrkjeforeining

Leiar	Astrid Hagen
Kasserar	Berit Grindheim
Medlemstal	4
Sum inntekter	kr 79 648,11
Sum utgifter	kr 24 316,00
Saldo i bank pr 31.12.2014	kr 55 332,11

I september hadde me basar. Seinare på hausten var Wilco og Kjell på eit møte i kyrkestova og fortalte om trusopplæringa og me vart einige om å gje pengar til hyller og utstyr i kyrkestova. Me gav også kr 20 000 til dei nye salmebøkene i kyrkja.



Fylg med på det som skjer i kyrkjelyden!

Internett: www.kyrkja.no/radoy

Twitter: @radoysokn

Facebook: facebook.com/radoysokn



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Utgjeve av Radøy sokn • Grafisk utforming: J.William Kay

gjennom livet